

## Delprosjekt D: Framtida for Psykisk helsevern barn og unge i Helse Bergen området

### Kvifor starte prosjektet?

I det overordna prosjektet «Psykisk helsevern for framtida» er målsettinga å utforme det faglige grunnlaget for eit framtidsretta psykisk helsevern. Sjølv om mykje merksemd blir retta mot vaksenpsykiatrien og ei framtidig differensiering av tenestetilbodet mellom Haukelands- og Sandviken området, er det samtidig vesentleg å sjå ulike deler av tenestene i samheng. Derfor skal også både utviklinga ved DPSane i området og innan PBU integrerast i utviklingsarbeidet. Det vil også vere naudsynt å tenkje arealmessige konsekvensar av eit endra framtidig tenestetilbod.

Dei viktigaste overordna dimensjonane i utforminga av eit godt tilbod innan psykisk helsevern er formulert som:

- God tilgang til behandling i psykisk helsevern for dei som treng det
- Eit heilskapleg pasienttilbod utan det sterke skillet mellom psykisk helse, rus og somatikk
- Gjere det mogeleg med meir differensierte og pasienttilpassa behandlingsforløp
- Målrette tilbodet til pasientar som treng meir langvarig rehabilitering og oppfølging

### Målsettinga med delprosjektet

Ein må likevel ta utgangspunkt i særpreget for PBU. For det første ber tenestetilbodet preg av den svært breie kontaktflata og dei mange samhandlingspartane som må involverast for å lykkast. Dessutan er klinikken også involvert i fleire andre større utviklingsprosjekt med grenseflater både mot somatikken (det nye Barne- og ungdomssjukehuset i Glasblokkene), mot rusmedisin (integreringsprosjektet mellom psykisk helsevern og rus), og fleire samhandlingsprosjekt med eksterne samarbeidspartar. Helseledingsdirektoratet har også komme med ei tilråding til «*Samarbeidsformer mellom kommunale tjenester og spesialist-helsetjenesten om barn og unge med psykiske vansker*».

Samstundes er det eit behov for å samle innspela frå desse ulike prosjekta og initiativa. Ein må sjå på heilskapen og supplere med vurdering av ulike løysingar og deira samla konsekvensar for organisering og kapasitet. Målsettingane med det nye delprosjektet kan skisserast slik:

- ✓ Vurdere framtidig kapasitetsbehov - både døgnplassar og poliklinikk/ambulant verksemd
- ✓ Beskrive den best eigna organisatoriske modellen for å ivareta og vekte behovet for subspesialisering mot behovet for generalisert kompetanse, inklusive oppgåvefordeling mellom BUPar og sentraliserte einingar.
  - Avklare grenseoppgang generalist/spesialist
  - Vurdere eksisterande tyngdepunkt funksjoner versus kapasitet og kompetanse
  - Utforme standard rammer for behandlingsplan i tråd med sentrale krav
  -
- ✓ Beskrive korleis ein best kan sikre heilskaplege pasientforløp ved tverr-sektorielle behov:
  - I grenseflata til somatisk sektor – særleg det som involverer aktivitet i Glasblokkene
    - Foreslå ny organisatorisk modell og samhandling knytt til

- Konsulttjenesta
- Tenester på Tvers
- Energiteam/Energisenter
- I grenseflata til TSB – inkludert felles arenaer for å nå dei unge
  - Implementere og videreutvikle FACT ung i samarbeid med kommunale tenester
  - Utforme avtale med Avdeling for rusmedisin knytt til overgang BUP AFR
- I overgangen mellom PBU og vaksenpsykiatrien
  - Utforme avtaler med regional avd. for spiseforsyrringer og avd tidlig psykose knytt til overgang
- ✓ Skissere gode samarbeidsformer for å ivareta barn og unge med særlege behov – som t.d. barn/unge i barnevernet
  - Implementere permanente samarbeidsrutiner mellom PBU og barnevern
  - Revidere samarbeidsavtale med BUFetat
  - Sikre skreddarsøm i BuP og tenester på tvers
  -
- ✓
- ✓ Skissere strategiar for implementering av ulike samarbeidsmodellar med kommunane – inkludert tenesteovergangar, oppgavefordeling og aktuelle «halvannan-linje»-tilbod gjennom
  - Styrke pasientforløp
    - Videreutvikle erfaringar frå prosjekt barn og unges helsetenester
    - Styrke møtearenaer med kommunane
    - Prøve ut halvannanlinje tenester knyttet til personer som treng tenester frå både kommune og spesialisthelseteneste t.d.
      - Utforme og iverksette eit felles prosjekt retta inn mot ADHD problematikk
      - spiseforstyrrelser
      - alvorlig utfordringer rus/psykisk helse
      - alvorlig personlighetsforstyringer

### Organisering av delprosjektet

Arbeidsgruppa må ha med deltakarar frå alle sentrale aktørar; Kommunane, klinikk psykisk helsevern for barn og unge, Barne og ungdomsklinikken, avdeling for rusmedisin, Betanien sjukehus. Vi rår til at nokre av representantane frå kommunane kjem frå det kommunale barnevernet. Dei tilsette sine organisasjonar vil vere representert med ein person. Det må og vere med deltakarar frå brukarorganisasjonane og vi vil tilstrebe at ungdomsrådet vert representert..

Prosjektet vert leia av klinikkdirektør Liv Kleve og sekretariatsfunksjonen er lagt til seksjon samhandling.

Arbeidet skal starte over sommaren 2021 og levere eit underlag til det overordna prosjektet «Psykisk helsevern for framtida» innan 14.1.2022.